



Meland kommune

Hordaland fylkeskommune

Referansar:
Dykkar:
Vår: 14/2157 - 15/3321

Saksbehandlar:
Randi Helene Hilland
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:
19.02.2015

Bompengesøknad for Nordhordlandspakken

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland
konsulent

Andre mottakarar:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 202, FA - Q10, TI - &13	14/2157

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
04/2015	Kommunestyret	PS	21.01.2015
08/2015	Kommunestyret	PS	18.02.2015

Bompengesøknad for Nordhordlandspakken

Vedlegg:

Uttale til fylkestingets vedtak i sak 90/2014 - Nordhordlandspakken

bompengesøknad for Nordhordlandspakken

fylkestingets vedtak

Presentasjon Nordhordlandspakken 12.01.15

Nordhordlandspakken

Bompengesøknad_Nordhordlandspakken_030314

2010084155-5-21

Vedtaksbrev - Nordhordlandspakken - Søknad om delvis bompengefinansiering

Nordhordlandspakken - Søknad om delvis bompengefinansieri(14435)

Bompengesøknad for Nordhordlandspakken - høyring etter fylkeskommunal handsaming

Saksopplysningar:

Bakgrunn

saka er godt kjendt og har vore oppe fleire gangar seinast hausten 2014. Grunna nye innspel frå kommunane som dels er innarbeidd må sjølve søknaden ut til ny høyring i kommunane.

Vurdering

For sjølve saksutgreiinga viser vi til vedlegg frå Hordaland fylkeskommune og Statens Vegvesen.

Kommunane skal i denne runde sei ja eller nei til sjølve «Pakken». Det vert ikkje opna for nye innspel eller endringar i det skisserte opplegget.

Folkehelse: Betre utbygging av gang- og sykkelvegnettet vil kunne bidra til betre folkehelse.

Miljø: Auka trafikksikring, trygge gang- og sykkelvegar, og eit effektivt vegnett vil ha positive miljømessige konsekvensar.

Økonomi: Isolert sett vert privatøkonomien påveka av at det vert innført bompengar. Om dette i fører til at pendlarar og andre reisande i større grad vel kollektivtransport eller gang/sykkel er vanskeleg å sei på noverande tidspunkt.

Konklusjon

Skal Meland kommune kunne realisere intensjonen kommuneplanen som er under handsaming, og ei ynskt utbygging i alle deler av kommunen er vi avhengige betre vegstandar. Utan Nordhordlandspakken vert rekninga for betre vegstandar, tryggar veg og betre kommunikasjonsløyisingar velte fullt over på potensiele utbyggjarar.

Framlegg til vedtak:

Meland kommune seier ja til Nordhordlandspakken slik den no ligg føre.

Kommunestyret - 08/2015

KS - behandling:

Det var på førehand varsla at fylkesrådmann Rune Haugsdal skulle innleia saka.

Sigmund Larsen, FrP stilte spørsmål om fylkesrådmann Rune Haugsdal sin habilitet i saka.

Det vart røyste over fylkesrådmann Rune Huagsdal sin habilitet.

Avrøysting:

Fylkesrådmann Rune Haugsdal er inhabil i saka fekk 7 røyster for, (4 FrP, 1 V, 1 SP, 1 AP), 20 røyster mot, (6 H, 4 AP, 3 SP, 3, KrF, 2 SAM, 1 MDG, 1 V), og fall.

Deretter hadde fylkesrådmann Rune Haugsdal eit innlegg i saka.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak fekk 13 røyster for, (6 H, 3 SP, 1 AP, 3 KrF), 14 røyster mot, (4 FrP, 4 AP, 2 SAM, 2 V, 1 SP, 1 MDG), og fall.

KS - vedtak:

Meland kommune seier nei til Nordhordlandspakken slik den no ligg føre.